



## Notat

Dato: 16.11.2015  
Arkivsak: 2015/11773-1  
Saksbehandlar: livsund

---

<b>Til:</b>	Utval for kultur, idrett og regional utvikling Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### **Planrapport 2014 - regional og kommunal planlegging i Hordaland - orientering**

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd rapporten «Planrapport 2014 – regional og kommunal planlegging i Hordaland». Rapporten blir lagt fram for å orientere om korleis oppgåver knytt til plan- og bygningslova er forvalta i samsvar med delegasjonsreglementet i Hordaland fylkeskommune. I tillegg er den eit kunnskapsgrunnlag for alle som er involvert i regional og kommunal planlegging i Hordaland.

Planrapporten skildrar status for regional og kommunal planlegging i 2014, sett i samanheng med tidlegare år. Det er særleg arealretta og kommunale planar som får merksemd. Tala i rapporten er i hovudsak basert på fylkeskommunens rapportering til KOSTRA, statistikk over innkomne planar på høyring til Hordaland fylkeskommune, politiske saker og innspel frå andre regionale og statlege etatar.

Hordaland fylkeskommune har lovpålagde oppgåver knytt til regional planlegging, ivaretaking av regionale interesser i forvaltning og kommunal planlegging og rettleiing av kommunar i deira planlegging etter plan- og bygningslova. I tillegg har fylkeskommunen tettstadsutvikling som satsingsområde.

Rapporten inneheld orientering og statistikk om følgjande hovudtema:

- Regional planlegging
- Kommunal planlegging
- By- og tettstadutvikling
- Rettleiing og kompetanseutvikling

#### **Regional planlegging**

Hordaland fylkeskommune hadde i 2014 høg planaktivitet. Desse 5 regionale planane var vedtekne av fylkestinget i 2014: regional plan for Nordfjella, regional plan for folkehelse, regional plan for klima og energi, regional plan for attraktive senter og regional plan for kultur. Rapporten omtaler desse og gjer også greie for gjeldande regionale planar og regionale planar under arbeid. Av planar under arbeid vert regional areal- og transportplan for Bergensområdet og regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger omtalt spesielt. Ansvar for prosess og utarbeiding av desse planane ligg hos planseksjonen i fylkeskommunen.

## **Kommunal planlegging**

Kapittelet viser status for kommunal planlegging i Hordaland i 2014 og handsaming i Hordaland fylkeskommune. Statistikken er i hovudsak basert på innkomne arealplanar på høyring til fylkeskommunen. Kapittelet inneheld omtale og statistikk for kommunal planstrategi og kommune(del)planar, reguleringsplanar og dispensasjonar, inkludert oversikt og innhald i motsegner frå fylkeskommunen.

Fylkeskommunen hadde i 2014 12 kommune(del)planforslag og 14 planprogram for kommune(del)planar på høyring, ein liten auke frå føregåande år. Av reguleringsplanar var 271 planar på høyring og 241 på oppstart, mot høvesvis 280 og 285 året før. For dei siste fem åra må ein likevel seie at talet på reguleringsplanar har vore stabilt. Bergen, Fjell og Askøy sendte flest reguleringsplanar på høyring i 2014. Dette er kommunar med høge innbyggjartal og høg vekst.

Det vart fremja motsegn frå Hordaland fylkeskommune til tre kommune(del)planar som var på 1. gongs høyring i 2014. Motsegnene dreier seg i hovudsak om kulturminne, samordna areal- og transport eller senterstruktur.

Til reguleringsplanane vart det fremja motsegn til 7 planar. Dette utgjer ca 2,6 % av alle planane som var på høyring. 5 av motsegnene gjaldt kulturminne og 2 samferdsel. Alle motsegner vart vedtekne politisk av Kultur- og ressursutvalet.

Talet på rapporterte dispensasjonar hadde ein liten auke frå 2013, men ser elles ut til å ha gått ned sidan 2010. I Hordaland fylkeskommune vert dispensasjonssøknader grunna manglande kapasitet berre handsama ut frå kulturminne.

Rapporten inneheld også oversyn over alle organ med motsegnskompetanse, oversikt over motsegner i Hordaland frå alle etatar og plantypar og plansaker til mekling hos Fylkesmannen. Frå september 2013 har motsegner frå statlege etatar blitt koordinert gjennom Fylkesmannen i Hordaland. Sidan 2013 og 2014 har det vore ein tydeleg nedgang i samla tal på motsegner frå regionale statlege organ.

## **Tettstadutvikling**

Rapporten omtaler lokalt og regionalt samarbeid og tettstadutvikling og tilskot som er løyvd til planleggingsprosessar og prosjekt. Opning av miljøgate i Jondal sentrum er omtalt spesielt.

## **Rettleiing og kompetanseutvikling**

Rettleiing og kompetanseutvikling innan kommunal planlegging er ei kjerneoppgåve. Ved sida av rettleiing gjennom kommunale plansaker vert det arrangert fagsamlingar med erfaringsutveksling (plannettverk), regionalt planforum, konferansar og informasjon på internett via [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan). Rapporten gir utfyllande informasjon om aktivitetane i 2014 på dette feltet.

Plankonferansen 2014 hadde tittelen «Klima i areal- og transportplanlegging – frå ord til handling». Forutan plankonferansen var det arrangert ein konferanse om «Helsefremjande lokalsamfunn og nærmiljø». Begge konferansane var godt besøkt.

Hordaland fylkeskommune har gjennom fleire år vore pådrivar for å utvikle fagtilbod innanfor planlegging og å støtte relevante forskingsprosjekt. Etableringa av ei planleggjarutdanning ved Høgskulen i Bergen med oppstart i 2015 er eit resultat av dette.